

Føremål med programmet

- ♣ Kyrkjehola Kulturbeite har ambisjonar om å bli eit attraktivt utstillingsvindaug for eit breitt spekter av kreativ aktivitet. Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan kunstartar som musikk, litteratur og biletkunst
- ♣ Vi ønskjer å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i vårt eige distrikt.
- ♣ Vi ønskjer at dette kan medverke til ei positiv markering og synleggjing av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billetter på telefon 70 27 91 23, eller på e-postadresse oppvekstetaten@stordal.kommune.no

Kulturprogrammet er støtta av:



Blott en dag

Lina Sandell i ord og tonar

med Åsa Forngren, Kirsti Pedersen Haugen og Jens Arne Molvær
PRESTESTOVA, SØNDAG 26. AUGUST KL. 19.30

Saman med songar og forteljar *Åsa Forngren* har Møre-musikarane *Kirsti Pedersen Haugen* og *Jens Arne Molvær* laga eit program basert på songane til den svenske salmediktaren Lina Sandell. Programmet har tidlegare vore framført for eit talrikt publikum i på fleire stader i Møre og Romsdal, og no er det Stordal som står for tur.

Åsa Forngren kjem frå det distriktet i Sverige der Lina Sandell vaks opp, og har såleis ein god del detaljkunnskap om den kvinnelege salmediktaren. Ho vil knyte saman dei einskilde songane ved å fortelje frå Lina Sandell sitt liv. Åsa har tidlegare tatt kateket-utdanning i Volda, og arbeider no på Nordfjord folkehøgskule på Sandane. Ho er kjend for si flotte stemme og si særeigne utstråling.

Kirsti Pedersen Haugen var aktiv trubadur i Volda medan

ho studerte på Lærarhøgskulen der, og har som allsidig muskar sidan arbeidd med musikk og song i heile fylket.

Jens Arne Molvær er vel kanskje mest kjend som muskar i Ytre Suløen, men har også i høg grad vore engasjert i andre former for musikk. Begge to høyrer til «Ulstein-trioen» som er Sunnmøre si avdeling av Møremusikarane.

Ein av Lina Sandell sine mest kjende songar er «Blott en dag» - og det har også dei tre musikarane kalla denne konserten. Dei vakre songane til Lina Sandell har blitt ein del av den fellesnordiske songarven, og appellerar til folk i alle aldrar.



Åsa Forngren

Kirsti Pedersen Haugen

Jens Arne Molvær

STORDAL BYGDETUN

FORTIDSMINNEFORENINGA
Foreningen til Norske Fortidsminnemerker Bevaring




Rosekyrkja frå 1789.



Prestestova er bygd ca. 1850.



Løsetstova kjem som namnet seier frå garden Løset i Røysetdalen. Dette er ei typisk sunnmørsstove, som vart bygd på 1790-talet.



Stabburet kjem frå garden Busengdal og er bygd ca. 1750

Desse to bygningane er eigd av Fortidsminneforeninga.

KYRKJEHOLA KULTURBEITE
STORDAL BYGDETUN

